

Hordaland fylkeskommune
Vibeke Saure Lokøy
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykker:
Vår: 15/2161 - 15/23136

Saksbehandlar:
Sture Helle
sture.helle@osteroy.kommune.no

Dato:
01.10.2015

Uttale samt vedlagde høyringsvar til søknad om å skifte ut anlegg på lokalitet 13563 Angelskår i Osterøy kommune

Vi viser til søknad frå Lerøy Vest tilsend kommunen frå Hordaland Fylkeskommune 11/06/2015.
Litt om søknad og prosess, klipp frå Hordaland fylkeskommune sitt skriv:

Hordaland Fylkeskommune sender med dette kopi av søknad dagsett 22.05.2015 frå Lerøy Vest AS om å skifte ut anlegg på lokalitet 13563 Angelskår i Osterøy kommune.

Det vert søkt om å skifte ut det eksisterande anlegget med eit nytt anlegg med 4 stk. 157-meters ringar i 100 x 100-meters rammer. Anlegget vert liggjande innanfor areal avsett til akvakultur i kommuneplanen til Osterøy kommune. Ved å skifte ut det eksisterande anlegget med eit nytt, ynskjer selskapet å redusere risikoen for rømming. Det nye anlegget vil også ha eit større spreiingsområde for utslepp frå anlegget, og vil soleis vere betre i høve til miljøpåverknader.

Utvindinga er ein del av ei endring i lokalitetsstruktur som Lerøy Vest og Sjøtroll Havbruk gjennomfører med selskapet sine lokalitetar i Osterøy kommune, der målet er færre og større lokalitetar. Endringa i lokalitetsstruktur vil gjere at avstanden mellom anlegga aukar, og smittepresset mellom anlegga går ned. Lokalitet Tepstad vert søkt utvida no, medan lokalitet Angelskår vil verte søkt utvida i samsvar med eit eventuelt utvida AK-område i den nye arealplanen til Osterøy. Lokalitetane 11677 Hamre (Øyjordsvika) og 13831 Kvamme skal leggast ned i samband med dei omsøkte endringane.

Lokalitet Hamre, med ein produksjon på 2340 tonn, vert lagt ned etter omsøkte utviding på Tepstad, medan lokalitet Kvamme vert lagt ned etter ei eventuell utviding av lokalitet Angelskår. Sjøtroll Havbruk sin søknad om auka areal og MTB på lokalitet Tepstad vert sendt ut og handsamma parallelt med denne søknaden. Selskapet er avhengig av løyve til begge endringane for å leggje ned produksjonen på Hamre (Øyjordsvika).

Hordaland fylkeskommune ber om at Osterøy kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med sokjar, i ein periode på fire veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysningsblad og to avisar som er vanleg lest i området (jf. forskrift av 22.12.2004 nr.

Eventuelle merknader frå offentleg utlysing og kommunen sin uttale ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd, og seinast innan 3 månader (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Vi ber dykk handsame/vurdere søknaden frå Lerøy Vest AS etter gjeldande særlover/andre interesser, og returnere uttalen til vårt kontor. Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakhandsamar Vibeke Lokøy, tlf 55 23 91 45 eller e-post til vibeke.saure.lokoy@hfk.no, i Hordaland fylkeskommune.

Kommunen har sett til at at søker har lagd ut søknad til offentleg ettersyn i minst 4 veker, den har også legge på kommunen si offiselle heimeside.

Det er kommet 4 svar på høyringen:

INNSIGELSE... Modalen Elveeigarlag 23.07.2015

Innsigelse på u... Lonevåg sportsfiskarl... 21.07.2015


Lerøy Vest ... Fiskeridirektorat... 17.07.2015


Angelskår - Fyl... Fylkesmannen i Hord... 15.07.2015

Modalen Elveeigarlag og Lonevåg sporsfiskarlag er i sine uttalar uroa over auke i oppdrettsvolum og dei konsekvensar dette kan ha for dei sårbare bestandane med anadrom aure og laks i sine område.

Fiskeridirektoratet og fylkesmannen i Hordaland har positive uttalar til tiltaket.

Osterøy kommune har sett gjennom saka med det som kommunen oppfattar som mangelfulle kartvedlegg. Heile anlegget er ikkje vist i fullskala i kart for kommuneplanen sin arealdel, vi har klipt inn deler av dei vedlagde karta:





Som det går fram av det først kartutsnittet (vedlegg 6.1.3b) av anlegget ligg den delen av anlegget som er synleg over sjø innanfor AK-sone i kommmuneplanen sin arealdel. Ser ein på kartvedlegg 6.1.3c vil fortøynings-systemet for anlegget ligge langt ut over AK-sona. Slik kommunen les dette kartet ligg ankerfesta inn i Bergen kommune.

Osterøy kommune har slik tolkning av plan og bygningslova i sjø:

*Tiltak på sjøbotn er omfatta av PBL og krev difor godkjend løyve etter denne, jf PBL § 1-2.
Oppankring av akvakultur må difor vera i henhold til plan eller det må søkast dispensasjon frå vedtekne planer dersom det ikkje er i samsvar med desse.*

Kommunen legg denne tolkninga til grunn i saka. Tiltaket er ikkje søkt dispensasjon for i høve til gjeldande arealbruk og vil vere i strid med plan og bygninglova.

Når det gjeld den tekniske delen av tiltaket har ikkje kommunen synspunkt. Når det gjeld oppdrett sin påverknad på anna marint miljø har ikkje kommunen mynde i høve til slike saker, vi registererer av fleire organisasjonar er uroa i høve til auka oppdrettsvolum og mengde lakselus i fjordsystemet.

Med helsing

Odd Ivar Øvregård
Rådmann

Sture Helle
Sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

INNSIGELSER TIL SAKENE 15/2160 OG 15/2161 SAMMENSLÅING AV LAKSEANLEGG I OSTERFJORDEN

Innsigelse på utviding av oppdretslokalitet

Innsigelse på utvidin

Fylkesmannen har ikke

Fylkesmannen har ingen

Tillatelse til etablering av anlegg for oppdrett av laks og aure - lokalitet 13563 Angelskår

Tillatelse til etable

Kartvedlegg - lokalite

Kopi til:

Lonevåg sportsfiskarlag

Modalen Elveeigarlag

sigfrid.tangen@leroyvest.no

Fiskeridirektoratet - Region vest

Postboks 185

5804

BERGEN

Sentrum

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Kystverket

Serviceboks 2

6025

ÅLESUND

Mottakar:

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN